Samnanger barneskule – skuleåret 2021-2022:

Tilleggsskriv med utfyllande kommentarar

Elevtal pr 1.mars 2021: (NB! Dette talet kan endre seg heile tida, elevar flytter og andre kjem)

Trinn 1= 30	Trinn 2= 35	Trinn 3= 27	Trinn 4= 33	Trinn 5= 27	Trinn 6= 29	Tronn 7 = 30

(Bemanningsnorm: 15 elevar pr lærar på 1.-4.trinn, 20 elevar pr lærar på 5.-7.trinn) dette er ei max-grense!

Med den delinga, og den føreslegne timefordelinga i timesøknaden, vert det fylgjande tal (GSI):

Trinn 1.-4.trinn: 15,6 elevar pr lærar

Trinn 5.-7.trinn: 17,2 elevar pr lærar

Leiinga ynskje, argumentasjonen for dei val me har gjort:

1. Dela alle trinn i to grupper, med unntak av trinn 5. Trinn 5 vil vera ein klasse, med fleksibel deling gjennom veka. Det blir to lærarar på gruppa i alle timar (spesialundervisningstimar + tolærar timar).

2. Tilby leksehjelp til 5.-7.trinn: onsdagen 2 timer a 60 minuttar. Bemanning: 1 pedagog og 1 assistent (usikker på kor mange elevar som ynskje tilbodet).

3. Bassengtilbod gjennom heile året for trinn 4, halve året for trinn 2 samt halve året for trinn 7. Skulen nyttar skyss sitt rutetilbod for å få til dette. Det vil seie at me brukar ca 15 assistenttimar pr veke til dette. Det er ca 10 timar meir enn om skulen hadde hatt eigen skyss (køyrt til og frå utan venting).

---

4. Setja inn assistentstøtte-timar på 1.trinn.
   Mål: Å sikra ein god overgang bhg/skule samt hjelpe elevane til å læra seg rutinar på skulen. Hjelpe til å trygga elevane for å skapa eit godt læringsmiljø til beste for elevane (somme treng hjelp med praktiske ting som påkledning, dogåing, orden på bøker, pakke sekk etc) Ynskjer å bruka 45 assistenttimar pr veke på dette (22,5 t pr 1. klassegruppe).

5. Intensiv opplæring for elevar frå 1.-4.trinn.
   Endring i opplæringslova frå 1.08.2018. Skulen skal sørge for at elevar på 1.-4.trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, **raskt skal** få tilbod om intensiv opplæring. Det er krav til skulen og skuleigar at «*skolene har tilstrekkelig ressurser tilgjengeleg. Skolene må ha nødvendig kompetanse og nødvendig lærarressurser for å kunne oppfylle lovens krav» (sitat udir).* For skuleåret 2021-22 treng skulen 0,6% stilling for å ivareta innkludering av alle og ha god kvalitet og struktur på tilpassa opplæring så tidleg som mogleg i læreprosessen.

6. *Særavtalen til skuleverket (SFS 22/13, avtalen er hjemlet i HA del A §4-3)*
   seier at skulen skal ha:
   - Elevrådskontakt får redusert årsramma for undervisning med 28,5 time/38 veker. (0,75t pr veke)
   - Kontaktlærartjeneste for elevane, redusert årsramma for undervisning med min 28,5/38 *14 (0,75t pr kontaktlærarar)

- Tidsressurspott, ressurs til lærarar med ei byrdefull arbeidssituasjon. Tal elevar*2/38* (undervisningstime 5,1282). Fordelinga skal ein drøfte med klubben v/skulen
- Seniortiltak. Lærarar har rett til å få redusert årsramma for undervisning med inntil 5,8% og 12,5% frå skuleåret si byrjing det kalenderåret dei fyller hhv 55 og 60 år. For neste skuleår utgjer dette 30,5 % på skulen vår.
- Skulen må ha tilgang til autorisert Logostestar, vil bruke 3, 85%
- Bibliotek: er med i eit prosjekt som fordrar at skulen stiller med ressurs. Brukar pr dd 11, 54%
- Nyutdanna/mentor for nyutdanna: sett av 7, 69% til dette (minimum)
- Skulen må ha ein plasstillitsvalt (AT) på arbeidsplassen, 3,85%

7. Spesialundervisning knytt til einskildelevar etter enkeltvedtak:
   Pedagogar 2,72 % stilling og assistent: ca 2 årsverk fordelt på dei elevane som har ei tilråding frå PPT. Dette må til for å sikre lovkravet til elevane om å få eit tilfredstillande utbytte av sin skulegang. Denne ressursen er dynamisk og må ta høgde for ulike utfordringer gjennom skuleåret.

8. Skulen har elevar med anna morsmål. Dei har rett på særskildt norskopplæring. Skulen har sett av 5 lærartimar til dette arbeidet.

9. Assistentar/fagarbeidarar har krav på å få delta på planleggingsdagar og møter kring elevar. Skulen har eit uteareal som er stort og til dels uoversiktleg, med mange kroker. For at elevane våre skal føle seg trygge og ha det kjekt ute, treng me fleire vaksne ute på inspeksjon i tillegg til pedagogane. Me har lagt inn nokre assistenttimar til dette arbeidet.

10. SFO: Me har estimert at 45 elevar søkjer på tilbodet. I rettleiaren frå UDIR står det at ein skal rekne 15 elevar pr vaksne på sfo. I tillegg har elevar med ekstra behov (etter sakkunnig vurdering av PPT), krav på assistent i SFO tida og. Me vil skuleåret 2021 – 2022 bruke ca 2,5 årsverk på SFO (inklusiv leiarressurs). Assistent/fagarbeider årsverka må fordelast på både skule og sfo. Det vil seie at me treng assistent/fagarbeider i delttidsstillingar. Det å leggja ein timeplan for denne arbeidsgruppa er krevjande og ei utfordring å få til då dei skal ha samanhengande arbeidsdag samt at behova til skulen/sfo skal stettast.

11. Leiarressurs endring hausten 2020
    Konsulent opp frå 50% til 65%, auke på 15%
    SFO opp frå 40% til 50%, auke på 10%
    Endra leiarmodell frå inspektør og rektor til avdelingsleiarmodell. Frå 60% til 100%, auke 40%

Leiargruppa ved Samnanger barneskule ved Eli Kristin Berge, juni 2021